



Nordfjord vassområde

Mottakarar:

Sogn og Fjordane
fylkeskommune

Askedalen 2

6863 LEIKANGER

Att: Merete Farstad

Vår referanse (oppgje ved svar) Arkivopplysningar
13/1212 13/225-2 / / / K54 /

Dato:
31.01.2013

Liste over innspel til Vassområde Nordfjord ang Vesentlege spørsmål om vassforvaltning

Dokumentet «Innspel til vesentlege spørsmål om vassforvaltning frå Vassområde Nordfjord» har vore publisert mellom anna gjennom følgjande kanalar:

Vannportalen.no 19.10 2012

Bremanger.kommune.no 22.10.2012

Eid.kommune.no 22.10.2012

Selje.kommune.no 22.10.2012

Gloppen.kommune.no 23.10.2012

Jolster.kommune.no 23.10.2012

Pressemelding til lokalavisene i området «Gjer ein innsats for vassmiljøet» 29.11.2012

Oppslag i Firda Tidend 03.12.2012

Brev til 124 lokale og regionale lag og organisasjonar, invitasjon til å delta i referansegruppe desember 2012.

Ved publisering har det vore oppfordra til å kome med innspel til dokumentet innan 31.12.2012. Følgjande innspel er innkomne 2012:

Vassførekomst	Innspel dato	Frå	Oppsummering av innspelet
Fleire elvar i Vassområde Nordfjord	18.12.2012	Fiskeri- direktoratet: Vassområde nordfjord - vesentlege spørsmål om vassforvaltning – uttale	Usamd i at rømt oppdrettsfisk er sett opp som påverkar i stor grad av fleire elvar i vassområdet. Definerer "effekt på fiskepopulasjonane" som for det første genetisk endring og for det andre at denne endringa har ført til nedgang i populasjonsstorleiken, som er vitskapeleg dokumentert. Orientering om tiltak og overvaking som Fiskeridirektoratet utfør.

Vassførekomst	Innspel dato	Frå	Oppsummering av innspelet
0282000031-C Bremangerpollen	05.12.2012	Bremanger kommune v/ BH Marthinussen	Veg på fylling til Rylandholmen. Muleg påverknad på vassutskifting lokalt. Ingen opplysningar om miljøpåverknad.
0282000031-C Bremangerpollen	05.12.2012	Bremanger kommune v/ BH Marthinussen	Molo Iglandsvik. Muleg påverknad på vassutskifting lokalt. Iglandsvik er omtalt i Fylkesatlas som viktig naturområde.
0282000031-C Bremangerpollen	05.12.2012	Bremanger kommune v/ BH Marthinussen	Vegfylling til Storholmen i Grotlesanden. Sjå omtale hos Fylkeskommunen ang erosjonsskader som kan vere følgje av endra straumtilhøve. Grotlesanden er registrert som viktig naturområde i EDNA-registeret, og prioritert naturtype i høve biologisk mangfald (Direktoratet for Naturforvaltning handbok 13).
0282010100-C Frøysjøen	30.11.2012	Bremanger kommune FSK-178/12, 29.11.2012, Vedtak	Formannskapet vedtak: Formannskapet tek innspel til vesentlege spørsmål om vassforvaltning frå vassområdet Nordfjord til vitande med merknad om at ein i tillegg må ha fokus på industriell påverknad i Nordgulen og fiskeriindustri rundt Kalvåg.
0282010400-C Nordgulen	30.11.2012	Bremanger kommune FSK-178/12, 29.11.2012, Vedtak	Formannskapet vedtak: Formannskapet tek innspel til vesentlege spørsmål om vassforvaltning frå vassområdet Nordfjord til vitande med merknad om at ein i tillegg må ha fokus på industriell påverknad i Nordgulen og fiskeriindustri rundt Kalvåg.
0282010800-C Storøya	15.11.2012	Bremanger kommune (epost frå BH Marthinussen)	Fysisk inngrep mellom Rugsundøy og Storøyna. Vegfylling med liten opning. Redusert vassgjennomstrauming. Lokal oppfatning om endra straumtilhøve også i sundet aust for Storøya etter etableringa av denne fyllinga. Muleg konflikt med fritidsbåt og mindre fiskebåtar. Krappare bølger ved vind – vanskelegare tilkomst til småbåtbrygger.
086-28093-L Nedre Brevatnet	27.09.2012	Førde Grunneigarlag (brev) ¹	Bredvatn vasskraftverk (planlagt, melding frå SFE Produksjon motteken hos NVE). Førde Grunneigarlag karakteriserer dette som eit sårbart og flott fjellområde og påpeikar at det ligg svært nær Ålfotbreen landskapsvernområde. Bekymra for at deponi av steinmasser frå utbygging vil kunne forureine Daleelva, som er drikkevasskjelde og i tillegg lakseførande. ¹
086-28097-L Øvre Brevatnet	27.09.2012	Førde Grunneigarlag (brev) ¹	Sjå 086-28093-L Nedre Brevatnet ¹

Vassførekomst	Innspel dato	Frå	Oppsummering av innspelet
087-14-R Gloppeelva	20.09.2012	Indre Gloppen elveeigarlag og Gloppen elveeigarlag v/ Synnøve Sørheim (møte). ¹	Viktig med forsiktig manøvrering /vassføringsendring slik at ikkje fisk og yngel strander. Driver kultiveringsarbeid med stryking av stamfisk frå elva og utsetting av rogn. Melder at det ikkje er problem med rømt oppdrettsfisk (2-3 % i flg Rådgivende Biologer), og ikkje problem med lakselus. ¹
087-1800-L Breimsvatnet	02.10.2012	Oddmund Midtkandal og Reed camping og fritid (brev). ¹	Turistnæring. Flaum i seinare år har ført til øydeleggingar. Ved varsel om store nedbørmengder, stor snøsmelting etc. bør det settast inn tiltak på mykje tidlegare tidspunkt. Reguleringslukene må opnast i god tid før venta auka vass-stand, slik at ein ikkje får dei ekstreme og raske forskjellane som vi har opplevd dei siste åra. ¹
087-1800-L Breimsvatnet	10.10.2012	Bernt Reed, Kirsten Kleppe Lyslo. (møte)	Vatn inn i naust på Reedfjora pga flaum. Innspel frå grunneigarar.
087-1800-L Breimsvatnet, (innspelet gjeld og generelt)	27.12.2012	Oddmund Seime (møte)	Vegsalt og avløp frå bilvask, verkstadar m.m. Bekymra over avrenning til vassdrag og grunnvatn, eks Sandane vassverket. Også bekymra over ureining frå verkstadar og vaskeplassar for bilar -olje oppløyst i avfettingsmiddel vert ikkje fanga opp av oljeavskiljarar.
087-1800-L Breimsvatnet	25.09.2012	Svein Ryssdalsnes, grunneigar (møte / dokument levert) ¹	Strandsone, dyrka mark, fritidsfiske. Høg vasstand har ført til erosjon og vanskeleg tilkomst til stranda. Negativt for friluftsliv og fiske. Unormalt liten vassføring og høg vasstand har ført til førekomst av slim og grønske. ¹
087-28120-L Traudalsvatnet	12.09.2012	Erik N. Rygg (møte)	Der er lite men stor aure. Spørsmål om det er tilrådeleg å flytte fisk frå vatnet over (der det er mykje småaure). Fekk som svar at dette ikkje er ei sak for vassområde-prosjektet.
087-49-R Jardøla	16.11.2012	Gloppen kommune (epost frå Bjørn Aurlien)	Evt. forureining frå skytebane. Vist til NGI-rapport Innledende kartlegging av Gloppen skytefelt, dokumentnr. 20110895-00-1-R. Grunnforureining av bly, kopar og antimon. Påvist høge konsentrasjonar av bly og kopar i avrenning frå skytefeltet til Jardøla.
087-996-G Sandane grunnvassførekomst.	27.12.2012	Oddmund Seime (møte)	Vegsalt . Bekymra over muleg forureining av vassdrag og grunnvatn, eks Sandane vassverket, frå vegsaltavrenning.
Deknepollvatnet (del av 091-20-R Bekk frå Deknepollen)	21.09.2012	Vågsøy kommune (møte)	Deknepollvatnet. Fare for akutte utslipp frå bensinstasjon, bilverkstad, industri, kloakkpumpestasjon m.m.

¹ Uttale i samband med prioritering av konsesjonar til revisjon

Dette dokumentet er lagt ut på

<http://www.vannportalen.no/hoved.aspx?m=47223&amid=3623726>

Staffan Hjohlman
prosjektleder
tlf. 904 02 661

Kopi til:

Bremanger kommune
Eid kommune
Gloppen kommune
Hornindal kommune
Jølster kommune
Selje kommune
Stryn kommune
Vågsøy kommune